



Årsmelding 2023

Naustdal Båtlag har pr. 31.12.23 161 medlemmar. Det stod 57 personar på venteliste for tildeling av båt plass. Av desse er det 48 personar med adresse i tidlegare Naustdal kommune og 9 personar med adresse i andre områder.

Styret har hatt 2 styremøte sidan førre årsmøte. Styret har handsama nokre saker. Det har også vore ein del møteverksemd i høve årsmøtet. Noko av møteverksemda har vore via telefoner og digitalt. Arbeidet i styret har vore organisert for å tilfredstille laget sitt føremål slik det er formulert i § 3 i lov for SA Naustdal Båtlag. Driftsåret 2023 var eit ordinært driftsår.

Båtlaget har eit stabilt medlemstal. Det er lange ventelister for båt plassar og plassar som vert ledige vert raskt overtekte av medlemmer på venteliste. Det er størst interesse for 6 og 8- meters plassar. Det er ikkje omsett båt plasser i 2023.

Rekneskapen til båtlaget vert ført av Naustdal rekneskapskontor, i godt samarbeid med kasserar i båtlaget. Det økonomiske resultat av drifta i 2023 viser eit årsresultat etter avskrivning på kr. 130358.- Styret er tilfreds med dette resultatet.

Det vart i 2023 gjennomført ein stor dugnad i samband med rep og oppgradering av gjestebrygge . Det vart også olja mykje av brygger og kai. Gjestebrygga vart oppgradert med nye flyteelement. Dette var ei kjekk samling av medlemmar og godt oppmøte. Det vart også gjennom året gjennomført fleire mindre oppgraderingar på elektrisk anlegg i vestre hamn .

Det vert stadig plassert boss, gamle batteri, øydelagt fiskeutstyr etc. i båthamna. Det er synd at nokon opptrer på ein slik måte. Nokon må då bruke tid på å rydde etter andre. Styret oppmodar derfor alle til å ta med seg boss enten heim, eller til godkjent avfallsmottak. Lagring av båter og båthengerer står dessverre ein god del av i øst og vest, sjølv etter mange beskjeder skjer det veldig lite ang dette .

Tillitsvalde i Naustdal båtlag i 2023.

Styret:

Leiar:	Bård Håvard Solvik	på val 2024
Nestleiar:	Daniel Stave	på val 2025
Skrivar:	Arnt Ole Ramsdal	på val 2025
Kasserar:	Jan Dahlberg	på val 2024
Styremedlem:	Helge Stølsvik	på val 2024
<i>Revisor:</i>	Bjørn Olav Erdal	på val 2025
	Jan Petter Sæbø	på val 2024
Valnemnd:	Kjartan Krognæs	på val 2025
	Harald Myklebust	på val 2024

Hamnesjefar

Steinar Lothe og Egil Gulholm har vore hamnesjefar. Steinar har hatt spesielt ansvar for køyring av båtvogna på slippen.

Hamnesjef har vore kalla inn til nokre styremøte. Hamnesjefane har ikkje stemmerett i styremøter. Hamnesjefane har kvar motteke kr. 1.000,- i godtgjersle.

Godtgjersle til tillitsvald

Leiar og kasserar i båtlaget har motteke ei godtgjering på 5000. Dei øvrige styremedlemmane har kvar motteke kr. 1000,- i godtgjersle.

Kjøp og sal av båtplassar

Det har ikkje vore omsett båtplassar i 2023.

Det står 57 på venteliste for kjøp av båtplass.

Dieselanlegget.

Frå 1. januar 2018 har Knapphus Energi AS (tidl. Farsund og Naustheller) drifta dieselanlegget.

I 2020 vart det gjennomført ei større oppgradering på dieselanlegget. Det vart derfor einigheit mellom båtlaget og Farsund og Naustheller om å sette den årlege leiga til kr 0,- for åra 2021-2026.

Det har vore mykje driftsproblem med dieselanlegget gjennom året.

For styret i SA Naustdal Båtlag

Bård Håvard Solvik

- Leiar-